



NAUSTEDALEN

SPELEMANNSLAG

1953/54

-

2003/04



Det første biletet ?

Dette er det første biletet vi kjenner til av Instedalen Spelemannslag Utsnittet er henta frå gruppebiletet i bryllaupet til Turid Frammarsvik og Leidulf Vonen, sommaren 1954, ved jonsoktider. Bryllaupet vart halde i Frammarsvik på heimegarden til brura. Dette var det første bryllaupet spelemannslaget var tinga til å spele i.



Desse representerte Instedalen Spelemannslag i bryllaupet i Frammarsvik i 1954: 1. Sigurd Bruflot, hardingfele. 2. Ingolv Fimland, trekkspell. 3. Jakob (Jakken)Slettemark, hardingfele. 4. Ingvar Bruflot, hardingfele. 5. Halvard Svoen, hardingfele. 6. Egil Eimhjellen, hardingfele. 7. Einar Eimhjellen, gitar. 8. Sigvard Ness, hardingfele. Asbjørn Sunde var ikkje med her.

Dette sokeskriftet om Naustedalen Spelemannslag er skrive av Arthur Søgne, til 50-års jubileumsfesten for laget, den 17. januar 2004. Fotoene er samla og lagt inn i teksten av Einar Eimhjellen.

NAUSTEDALEN SPELEMANNSLAG 50 ÅR MED SPEL OG DANS

I mellom- og etterkrigsåra måtte fela vike plassen for trekkspellet som folkeleg danse-spelinstrument i dei fleste grender og bygdelag. Til dansen på "lokalet" var det etter kvart berre trekkspellet som var akseptert, og "fra alle holmer og fra alle skjær vi hører trekkspillet klang", som det heiter i ein lystig slager frå 30-åra. Men i Naustedalen – og då serleg i Instedalen – var fela framleis det berande instrumentet i folkeleg musikkliv då krigen var over. Interessa for felespelet heldt seg oppe, og på 50-talet kunne Instedalen mønstre mange habile utøvarar på hardingfele. Begge feleslaga hadde tidlegare vore brukte i dalen, men hardingfela hadde no teke over når det galdt dansespel. Der fanst trekkspelarar og, og desse opererte i god forståing – og ofte i samspel – med felespelarane.

Instedalen Spelemannslag



Instedalen Spelemannslag i bryllaup i Mallasvik i 1955. Frå v. Einar Eimhjellen, Jakob Slettemark, Arnljot Sjørebø, Asbjørn Sunde, Sigvard Ness, Egil Eimhjellen, Halvard Svoen og Ingvar Bruflot.

Oppstartning av laget



Kåre Eimhjellen

Det var Kåre Eimhjellen som hausten **1953** gjorde opptaket til å få spelemennene i Instedalen til å samle seg i eit lag. Kåre var på den tida formann i idrettslaget Tambarskjelvar, og hadde bruk for musikk til laget sin årlege lagsfest på Fosshalla i førstninga av januar. Kåre spela ikkje sjølv, men var glad i både musikk og dans, og var elles ein aktiv og samfunns-engasjert person på fleire område. Ideen hans fekk tilslutnad, det vart innkalla til øving og skipa lag, og laget fekk namnet Instedalen Spelemannslag. Som musikalsk leiar var Asbjørn Sunde nærast sjølvskriven, som absolutt førande kraft i spelemanns-miljøet i var spel til underhaldning og dans på nyttårsfesten til Tambarskjelvar **1954**. Dei som deltok ved denne debutførestellinga var Egil Eimhjellen,

Ingvar Bruflot og Asbjørn Sunde, alle med hardingfele. Ingolf Fimland spela trekkspel, og tenåringen Einar Eimhjellen sytte for komp på gitar. Alle desse var heimehøyrande i Instedalen. Noko seinare overtok Arnljot Sørebo frå Midtredalen som trekkspelar.

Sommaren **1954** spelte laget i sitt første bryllaup, for Turid Frammarsvik og Leidulf Vonen i Frammarsvik. Dei som var med var Egil Eimhjellen, Ingvar Bruflot, Sigurd Bruflot, Sigvard Ness, Halvard Svoen og Jakob (Jakken) Slettemark, på hardingfele. Ingolv Fimland spelte trekkspel og Einar Eimhjellen, gitar.

Det nystifta ensemblet vart snøgt populært, og ved festen for Tambarskjelvar sitt 50-årsjubileum i april **1955** hausta dei stor fagning. Sommaren etter vart det fleire bryllaupsoppdrag, og bryllaup-speling vart hovudinntekta til laget. Hausten 1955 deltok laget i NRK si storsatsing for å finne underhaldnings-krefter ute i distrikta. NRK skipa til underhaldningsmønstringar i Sogndal, Førde og Stryn, med amatørtevlingspreg. I radioprogrammet frå Sogn og Fjordane som seinare vart sendt på riksnettet blei Instedalen Spelemannslag rangert som nr. 3. Laget var i fleire år fast innslag med speling til underhaldning og dans på Førde Skyttarlag sin årlege fest i Viking. Elles kan ein seie at den gamle bussgarasja til Firda Billag på Fimland var den faste arenaen til Spelemannslaget. Her var det tilskipingar 17. mai og jonsokafta der laget alltid stod føre underhaldning og dansemusikk.

Denne gjengen heldt saman i åra frametter, og dei musikerte til nytte og glede ved mange slags høve i bygda. Dei hadde sans for å tileigne seg slåttar og spelestil frå andre stader, og difor skaffa dei seg ein bandopptakar og tok opp musikk frå radio og øvde inn til eige bruk. Såleis vart t.d. den svenske gånglåten "Gärdebylåten" mektig populær, og sameleis fleire av "leikjene" til Oddvar Nygård. Dei skaffa seg også ein kontrabass til komp, og nokre av karane – m.a. Egil Eimhjellen og Ingolf Fimland – måtte læra seg nokre "tøk" og gjera teneste som bassistar. Laget heldt det gåande i år etter år, med noko vekslande aktivitet.

Lagsskipnaden var noko lausleg samansett. Laget var ikkje tilslutta nokon overordna organisasjon, og styre-funksjonane var stort sett overlatne til leiaren, og avgjerder vart teke når spelemennene var samla. Innsatsevna varierte noko, og i siste halvta av 60-åra var laget nede i ein bylgjedal med heller liten aktivitet

Naustedalen Spelemannslag



Naustedalen Spelemannslag i 1971. Framme frå v. Marit Eimhjellen, Asbjørn Sunde, Moses Kalland, Egil Eimhjellen og Einar Eimhjellen. I midten frå v. Karl Solhaug, Halvard Svoen Ingolv Fimland, Sigvard Ness og Malvin Helgås. Bak frå v. Suneva Gamlestøl, Arnljot Sørebo, Jorill Gamlestøl og Marius Ness

Ny giv

Hausten **1968** kom Einar Eimhjellen attende til heimbygda etter omlag 10 års fråver, og han gjekk straks inn for å få nytt liv i spelemannslaget. Gitaren hadde han overlata til kona Marit – som straks vart med i laget -, og sjølv spela han hardingfele. På hans initiativ vart laget i desember 1968 omskipa og utvida til å omfatte eit større geografisk område. Laget fekk namnet Naustedalen Spelemannslag, det vart valt styre og vedteke lover, og laget vart meldt inn i Landslaget for Spelemenn. Det vart innført faste øvingskveldar, vanlegvis i Fimland skule. Den gamle stammen frå Instedalen var trufast med, og nye krefter kom til. Marius Ness stilte opp med pianospelet sitt, og noko seinare vart det storinnrykk av jenter. Attåt Marit Eimhjellen som var der frå før kom Inger Eimhjellen med harpeleik, og ho fekk også med seg Gunnar Angedal på kontrabass. Året etter kom tre blad Gamlestøl, systrene Sunneva, Randi og Jorild, som spela bass, harpeleik og trekkspel. Åsedølen Malvin Helgås hadde ei tid vore einaste ”ikkjeinstedøl” i felegruppa, men no fekk han selskap av senior-karane Moses Kalland og Karl Solhaug frå Midtredalen.

Asbjørn Sunde ville gjerne sleppa å vera musikalsk leiar i det restaurerte laget. Einar Eimhjellen overtok då ”taktstokken”, medan Asbjørn heldt fram som lagspelar. Repertoaret på denne tida var for det meste gamaldans frå Nordfjord, Møre og Romsdal, og Gudbrandsdalen. Av 9 slåttar som dei øvde på vinteren **1969** var berre ein frå Naustdal, og det var ”Grønengvalsen”, komponert av Asbjørn Sunde. Lovene som laget nyleg hadde vedteke varslar ei kursending i repertoarpolitikken. Formålsparagrafen lyder slik: ”Laget har som hovudføremål å take vare på og verne om den gamle slåttemusikken, og då serleg slåttar som er frå, eller har vore mykje nytta i distriktet her i gamal tid.”

Lokal musikk

Denne formuleringa tilseier at hovedvekta framleis ville bli lagt på gamaldansen, men no med meir lokalt tilsnitt. Dei ”klassiske” folkemusikk- og danseformene, springar, halling, gangar og rull har aldri fått skikkeleg fotfeste i grendene våre.

Den første eldprøva under Einar si leiing vart spelemannsfesten på Fosshalla i april **1969**. Og dermed var laget etablert som ein institusjon i bygda. Lagsboka viser at etterspurnaden var stor, både til under-haldning og dansespel. Dei fekk ikkje vera kresne når det galdt arena. På Fimland var det 17.mai-fest ”i garasja”, og ved Sunnfjord ungdomslag si sumarstemne i Florø 1969 spela dei til dans i sanitetshuset, der det var dårleg med plass både for dansarar og spelemenn. Seinare på året spela laget til dans både i Viking og låvedans på Mo. Ved utgangen av 1969 hadde laget 15 aktive medlemmer. Aktiviteten i dette første arbeidsåret hadde gitt god inn-tening, og laget såg seg i stand til å kjøpe eit enkelt høgtalaranlegg, og attpåtil yte tilskot til nokre lagslemer som hadde kjøpt nye instrument.



Spelemannsfest i Naustdal. Naustedalen Spelemannslag med nybyrjar- og trekkspelkurset som medspelarar. Dette var dei åra tidleg på 70-talet då vegegane ”bula” ut i aulaen på Naustdal barne- og ungdomsskule.

Året **1970** var berre tre dagar gamalt då laget spela til dans på idrettsfesten i Fosshalla. Sidan kom i tur og orden dansespel for BUL i Florø og Naustdal bondelag på ungdoms-skulen. I fyrstninga av mai skipa laget til stor spelemannsfest på Naustdal ungdomsskule med dansen på Fosshalla. To gjestelag var til stades, Indre Sunnfjord og Dalsfjorden. Frammøtet var upåklageleg, det vart selt heile 400 billetter. Rolf Myklebust frå NRK gjorde opptak, og noko av desse vart sendt seinare i året. Ved denne festen fekk laget også markert 70-årsdagen til laget sin nestor Asbjørn Sunde.

Spelemannsantrekk

Eit lag som er så i vinden må sjølvsagt ha antrekket i orden, og til Sunnfjord ungdomslag si stemne i Førde stilte dei opp i nye spelemannsvestar. Så fylgde bryllaupsspel, og tur til Vonastranda m.m. Mot slutten av året var dei viktigaste oppdraga desse: Vårbod sin gamal-dans i Fosshalla, Tambarskjelvar sitt årsmøte med dans i Fosshalla, og juletreffest i Horstad. Laget har no 18 aktive medlemmer. I dette året har Einar Eimhjellen starta opp med innsamling av gamle slåttar frå eller mykje brukte i Naustdal.

Aktiviteten heldt fram i **1971**. Med tanke på rekrutteringa vart det sett i gang kurs i felespel med Einar og Asbjørn som instruktørar, og nybyrjarkurset samla heile 18 deltakarar. Til avslutning vart det halde eit todelt vekekurs i Horstad skule – for nybyrjarane og for dei vidarekomne - med Sigbjørn Bernhoft Osa som instruktør. Denne intense speleveka vart avslutta med ein vellukka spelemannsfest på ungdomsskulen. Publikumsinteressa var stor på denne tida. Osa som trekkplaster gjorde vel også sitt, og det vart selt omkring 500 billetter. Festen heldt fram med dans på Fosshalla, truleg med litt færre deltakarar.

På kappleik for første gang

Landskappleiken vart halden i Sogndal dette året, og no stilte laget for fyrste gong opp



Søstrene Jorill og Randi Gamlestøl sjarmerte Rolf Mykle-bust, som sende både intervju og musikk med dei to i eit radioprogram etter spelemannsfesten i Naustdal.

i tevling, i den nyoppretta klassa for lagspel. Kor høgt spelet vart verdsett av domarane får vi ikkje vita, for då laget stilte opp med både trekkspel og komp attåt felene vart det ikkje gitt poeng eller plassering. Laget protesterte til inga nytte. Men, laget fekk likevel eit plaster på såret, for då NRK, med Rolf Myklebust som programleiar, seinare på året laga eit radio-program med høgdepunkta frå folkemusikkfrotten i **1971**, drog han fram Naustedalen Spelemannslag ”med sitt smittande og fengande spel på Landskappleiken”, og sende opptaket av ein av melodiane til laget.

Eit aktivt år med i alt 18 til- skipingar eller speleoppdrag vart avslutta med folkedansfest på Vassenden i desember. Ved utgangen av året hadde laget 19 aktive utøvarar, med samansettinga 13 feler, 3 trekk-spel, 1 gitar og 1 kontrabass.

Året 1972 vart prega av mykje utfart, men laget forsømde likevel ikkje oppgåvene på heimebane. Tidleg på året var det stor spelemannsfest i Fosshalla, med Stranda spelemannslag som gjester. Rolf Myklebust var til stades og gjorde opptak for NRK. Høgdepunktet dette året må likevel seiast å vera landskappleiken på Gol. No deltok laget på reglementær måte i lagspel, men med berre to hardingfelelag vart ikkje lagtevlina serleg spanande. Gildare var det at laget var invitert av NRK til å delta i eit TV-program på jonsokafta, i samband med landskappleiken. Arenaen var ein danseflake nede ved elva i Gol, og programleiarar var Hallgrim Berg frå Ål og NRK-medarbeidar Lise Foss. Naustedalen hadde gleda av å representere Vestlandet. (Som ein kurøsitet kan nemnast at nedskrivaren av dette referatet også var med i dette programmet, men då som medlem av Ål spel- og dansarlag.)

Godt dansespel

Under denne kappleiken vart Naustedalen verkeleg lagt merke til for dansespelet sitt. Det vart dansa i den store gymnastikksalen i samfunnshuset, og serleg ein kveld var det skikkeleg moro. Då hadde laget først spela ei ykt inne, og i det fine veret heldt dei fram med spelinga på den asfalterte plassen utanfor. Det samla seg ei mengd med folk, og det vart dansa over heile plassen. Medan dette sto på var det faktisk ganske romsleg på dansegolvet inne. Som nemnt var det mykje utfart, og merittlista viser m.a. tilskiping/medverknad på stadene Skei, Movika, Førde, Florø, Stranda (gjensvitt) og Svelgen, til saman 15 oppdrag. Talet på aktive medlemmer er framleis 19, men i kjølvatnet av kurset i fjor er det i sving ei nybyrjar-gruppe med 5 deltakarar. Det påfylgjande året **1973** vart noko rolegare. Laget deltok i lagspel på fylkeskappleiken i Hermannsverk og vestlandskappleiken i Førde, og hadde 15 tilskipingar /oppdrag i nærmiljøet. Einar Bakkane fall uventa bort i september, berre 66 år gamal. Han hadde dei siste åra vore medlem i laget. Hans bortgang var eit stort tap for laget og for distriktet. Han sat inne med mykje originalt slåttestoff. Mykje av dette gjekk tapt, men heldigvis hadde han spela inn ein del slåttar på band, og desse vart såleis berga for ettertida. Laget har no fleire slåttar etter Bakkane på repertoaret sitt, som no i hovudsak er henta frå heimedistriktet. Laget har omlag like mange utøvarar som året før.

Laget blir 20 år

Så var det jubileumsår igjen i **1974**. Laget runda no 20 år, og dette vart markert med ein storstila spelemannsfest i februar med fire gjestelag: Indre Sunnfjord Spelemannslag, Hyen Spelemannslag, Sogn Spelemannslag og Florø trekkspelklubb. Formannen i Landslaget for spelemenn, Richard Hilde, var til stades og i helsingtala si framheldt han Naustedalen sin innsats for lokalt tradisjonsstoff som eit føredøme for andre. Som vanleg var programdelen i ungdomsskulen og dansen på Fosshalla, og det var fullt hus begge stader.

Eit par månader seinare braka det laust igjen, og no med fylkeskappleik. Tidlegare var det ungdomslaga som arrangerte fylkeskappleikane, men no hadde spelemannslaga vakse seg så sterke at dei sjølve kunne ta på seg tilskipingane. Først ute var Sogn spelemannslag i fjor, og no var det altså Naustedalen sin tur. Kappleiken vart vellukka med rekordstor deltaking. Tilskiparlaget gjorde det godt i lagspeltevlinga, og fleire av lagslemene hadde fine plas-seringar i spel og dans. Etter dette krafttaket pusta laget ut med m.a. deltaking ved Raudekors-veka i Gol og i Florø.



Trekkspelkurs med Holger Hjortland t.v.som lærar.

Midsumars bar det avgarde til landskappleiken på Oppdal. Lagspel for hardingfele var enno ikkje kome i vinden, og det var berre to lag som deltok. Naustedalen vart rangert som nummer to, eit fattig poeng etter vinnarlaget Ål spel-og dansarlag.

På heimebane var det ein veldig aktivitet. Laget deltok ved i alt 29 til-skipingar, kappleikane medrekna. Attåt fekk dei tid til å halda ei rekkje med kurs: Trekkspelkurs med Holger Hjortland, felekurs for vidarekomne med Ragnvald Lunde og to nybyrjarkurs med lokal instruksjon. ”Laget sitt mest aktive år hittil”, heiter det i både årsmeldinga og i avisreferat. Ved årsskiftet har laget 17 registrerte musikarar, som er ein liten nedgang frå året før, trass i at nokre nye har kome til etter kursa to år tidlegare.

Aktiviteten i **1975** starta med ”den årvisse turen til Skei” i januar, og i mars fylgde den ikkje mindre årvisse spelemannsfesten. Atter var det fullt hus i gymnastikksalen. Til opning imponerte Einar med å stille opp eit Naustdalslag med 40 deltakarar i samspel, samansett av spelemannslaget, to aspirantgrupper og den nystifta trekkspelklubben. Attåt dei lokale kreftene var det prominente gjester til stades: Johannes Møllerup frå Fana som spela på sag, Hornindal spelemannslag med m.a. Ragnvald Lunde og songaren Elling Seljeset, og Indre Sunnfjord spelemannslag, for dette høvet utan Sigmund Eikås.

Spelte inn den første LP-plata frå Sunnfjord

Neste storhende let ikkje vente lenge på seg. Laget hadde inngått avtale med plateprodusenten Kåre Korneliussen om å spela inn ei grammofonplate, og i april avleverte gjengen til Einar – som Sunnfjord sine første grammofonartistar - 13 slåttar i Roger Arnhoff



Naustedalen Spelemannslag spelte inn LP-plata "Slåttar frå Sunnfjord" i 1975. Innspelninga vart gjort i Roger Arnhoff Studio i Oslo, med den kjende trekkspelaren Kåre Korneliussen som produsent og utgjevar. Her er Korneliussen t.v. saman med to studioteknikkarar under innspelinga.

Studio som er eit vel-renommert lydstudio i hovedstaden. Plata fekk tittelen "Slåttar frå Sunnfjord", og vart mektig populær. Medan laget var på dei kantar spela dei til underhaldning og dans i den nye festsalen på Blakstad sjukehus i Asker, i høve ei folkedanstilstelling. I den fullsette salen var det mange som var frå eller ætta frå Sunnfjord, m.a. utflytte naustedøler som no var busette i Vestfold. I same rennet spela dei opp til gamaldans i Storsalen i Nordal Brunsgate, med Sunnfjordlaget som tilskipar. Også her var det mykje kjentfolk mellom dei talrike framømte.

Så var det tid for tevling. I tur og orden deltok laget på fylkeskappleiken i Hornindal, landskappleiken i Bø, og vestlandskappleiken i Stryn. Laget gløymde heller ikkje sine plikter på heimebane, det vart spela på ei lang rekkje tilskipingar i heimedistriktet. Attåt dette hadde laget 6 kurskveldar med Nils Furnes, opphavleg frå Gaular. Som brorson til Ola Nos, og elles landskjend som dugande spelemann, hadde Furnes mykje "matnyttig" å læra frå seg.

Den aktive styrken var ved utgangen av året 13 feler, 4 trekkspel, 1 gitar og 1 bass, tilsaman 19 utøvarar. Det bør også nemnast at Sigvard Ness no var komen skikkeleg i gang med felemakeri, og for å perfeksjonere seg deltok han i eit felebyggjarkurs i Sogndal.

Året 1976 starta -som mange føregående – med tur til Skei saman med Vårbod ungdoms-lag. Deretter i rask rekkefylgje spelemannsfest på Eikås og Vestlandsk Bondestemna i Bergen. Så var det duka for stor spelemannsfest i ungdomsskuleaulaen. Med fem gjestelag – Bygstad, Eid, Fjellklang, Indre Sunnfjord og Naustdal trekkspelklubb – vart det ei storstila spelemanns-mønstring for overfylt hus, og til finalenummeret fekk dei trykt saman 50 – 60 musikarar i samspel.

Vidare fekk laget vera med på opninga av Førdehuset, og deltok i lagspel på landskappleiken på Voss.

Fylkeskappleiken på Hermannsverk gjekk av stabelen utan Naustedalen i lagspel, men Einar Eimhjellen og Jørund Hage deltok individuelt og oppnådde gode plas-seringar. Som vanleg medverka laget flittig ved ymse høve i heimedistriktet. Talet på aktive musikarar var 20, ein liten auke frå året før.

Så skriv vi 1977. For første gong på mange år reiser Vårbod ikkje til Skei, og fylgjeleg heller ikkje spelemannslaget. Det første tunge løftet vart spelemannsfesten i mars, som vanleg i gymnastikksalen. Denne gongen kom det gjester frå Sunnmøre, Hjartåbygda spelemannslag med dansarar, og Dagfinn Nupen med dei mange gamle blåseinstrumenta sine. Nils



Sigvard Ness heldt orden på felene i laget, og bygde sjølv kring 90 hardingfeler

Furnes var til stades, og likeeins spelemannslaget frå hans opphavlege heimbygd Bygstad.

Indre Sunnfjord var på plass med Sigmund på topp. Alle desse hadde programinnslag, og




Mellom øving, tilskipingar og oppdrag vart det også tid til avkobling. Her er medlemmer av laget på tur til Vonastranda.

dessutan vart programmet mjuka opp med danseframsyning og visesong. Alt i alt ein spelemannsfest av godt, gammalt merke, men med noko færre tilhøyrarar enn det som hadde vore vanleg dei siste føregående åra.

Av kappleikar fekk laget dette året

med seg fylkes-kappleiken på Skei, landskapp-leiken på Lillehammer og vest-landskappleiken i Sogndal. Av andre utferder kan nemnast spelemannsfest i Hornindal. Elles deltok laget som vanleg i ei lang rekkje tilstellingar i heimedistriktet. Mange av desse oppdraga medfører utlegg for laget og heller små inntekter, og leiaren peikar på at inntektene må aukast. Platesalet har gått bra, med omlag 3000 selde plater, men det har ikkje gitt så veldig mykje netto i kassa. Laget noterer no 22 aktive musikarar.

I slutten av januar **1978** drog spelemannslaget til Skei saman med ungdomslaget Vårbod, som no hadde sett opp eit nytt spelstykke. Første april deltok laget i opningsfesten for den nyoppussa Fosshalla, og som ei form for dugnad-sinnsats spela laget gratis denne kvelden. Mot slutten av månaden gjekk den tradisjonelle spelemannsfesten av stabelen i gymnastikksalen, med påfylgjande dans i Fosshalla. Også programmet var tradisjonelt, med spelemannslaga Bygstad, Fjellklang, Hyen og Indre Sunnfjord i tillegg til vertslaget. NRK under leiing av programsekretær Rolf Myklebust var til stades og gjorde opptak, og eit redigert utdrag fyllte Folkemusikkhalvtimen 5 veker seinare.



Einar Eimhjellen med LP-platene "Slåttar frå Sunnfjord" som kom ut i 1975 og "I bryllaup"- i 1981.

Laget var vidare med to gonger i radioprogrammet "Kjende namn frå gamaldansen", og var også innom eit program med tittelen "Det spelar og syng". Laget deltok i berre ein kappleik dette året, og det var fylkeskappleiken i Førde. I det faste repertoaret til laget var det no berre eit fåtal slåttar frå utanforliggjande distrikt.

Laget var vidare med to gonger i radioprogrammet "Kjende namn frå gamaldansen", og var også innom eit program med tittelen "Det spelar og syng". Laget deltok i berre ein kappleik dette året, og det var fylkeskappleiken i Førde. I det faste repertoaret til laget var det no berre eit fåtal slåttar frå utanforliggjande distrikt.

Utanom dei som er nemnde deltok laget med speling i til saman 11 tilskipingar i Naustdal og grannebygdene. Laget hadde gjennom året 19 faste aktive medlemmer, med tillegg av tre som deltok ved nokre høve.

Skipa til Landskappleiken

Det høyrer til at det skal skje noko ekstra i eit jubileumsår, og **1979** vart ikkje noko unntak i så måte. I dette året tok laget på seg den hittil største oppåva i sitt tjuufemårige tilvære, nemleg å stå som tilskipar av landskappleiken, saman med Indre Sunnfjord spelemannslag. Naustedalen fekk æra av å utnemne kappleiksgeneral, og den jobben gjekk til den røynde administratoren Kåre Eimhjellen. Elles i hovednemnda hadde Naustedalen desse funksjonane: Program, premie, økonomi og hall, og i tillegg ansvaret for feleutstillinga. Førebuingane til landskappleiken prega laget sitt arbeid i første halvdel av året, men dei fekk likevel tid til også å skjømte sine vanlege gjeremål. Det vart deltaking på spelemannsfestar i Bygstad og på Skei, og ymse andre tilskipingar, før laget slo til med sin eigen årlege spelemannsfest i slutten av april.

I god gamal stil vart det ei solid spelemannsmønstring. Gjester var dei trufaste grannane Bygstad, Fjellklang, Indre Sunnfjord og Ytre Sunnfjord spelemannslag frå Dalsfjordområdet. Nytt av året var eit koseleg toraderprogram med Johannes Rognsøy og

Bjarne Løkkebø frå Flora. Programmet vart framført i gymnastikksalen for fullt hus, og festen heldt fram med dans og mat i Fosshalla.

Landskappleiken tok til om kvelden torsdag 21. juni, og vart avslutta søndag 24. juni. Arena var sjølvsaugt Førdehuset. Naustedalen deltok i opningsprogrammet, i lagspeltevlinga, i "Sunnfjordkvelden" der Einar Eimhjellen var programleiar, og i opptoget søndag. Tilskiparane fekk ros for arrangementet, og alt gjekk fint og fredeleg for seg. Eit lokalblad melde om "Gemyttleg fyll på landskappleiken".

25-års jubileum med utnemning av æresmedlemer

Etter denne sjauen var det noko rolegare ei tid, men ut på hausten vart det bede inn til jubilumsfest. 25-års jubileet var ikkje blitt skikkeleg markert, og no skulle det gjerast med eit drusteleg gilde i Fosshalla. Einar var programleiar. Han hadde førebudd seg grundig, og hadde til og med skrive ei artig vise for høvet. Egil tok eit tilbakeblikk over laget sine meritter gjennom åra, og det var programslag av lagslemer og gjester, og fleire helsingar. Einar føretok høgtideleg utnemning av laget sine første æresmedlemer. Det var Asbjørn Sunde og Kåre Eimhjellen. Dei fekk eit vakkert diplom og varm fagning.

Laget har fått nokre nye medlemer og tel no 25 aktive, men i dette talet inngår tre bassistar som bytest om å møte.

Stor kursaktivitet

Starten av 80-åra var sterkt prega av opplæring. Laget hadde kjøpt inn ei mengd



småfeler av kinesisk fabrikat, billige og av typen vanleg fele, men brukbare til å gi elevane ei første innføring i spelemanns-kunsta. Omlag 30 mindreårige spelemannsspirer vart fordelte på tre kurs, på Fimland, i Øyna og Naustdal sentrum, med aktive lagslemer som

Laget heldt spelemannskurs med Sigbjørn Osa som lærar i 1971 og 1980. Ovanfor instruerar Sigbjørn (t.h. Ingolv Fimland i bogebruk.

Til høgre blir det diskutert feler. Frå v. Karl Solhaug, Egil Eimhjellen, Sigvard Ness, Sigbjørn Osa og Asbjørn Sunde.



instruktører. Einar hadde godsnaakkemed Sigbjørn Bernhoft Osa, og første veka i mars heldt han eit vekekurs for lagspelarane. Då var også første etappe i barnekurset gjennomført, og det



var stor stas då heile hurven fekk stille opp til samspel og avfotografering på Horstad skule, saman med Osa. Til avslutning var det spelemannsfest i Fosshalla, der Osa også deltok i programmet.

Seinare på våren hadde Sven Nyhus instruktørkurs i Førde, og fleire interesserte lagslemer deltok. Nyhus gjorde også opptak av eit samspelinnslag med Indre Sunnfjord, som vart sendt i radio 17.mai.



I 1980 vart toradaren tatt i bruk i laget. Bjarne Løkebø frå nabobygda Eikefjord vart medlem av laget, og hadde musikken i tradisjon frå eldre spelemenn.

Toradaren blir tatt i bruk igjen

Kurs i toraderspel vart oppstarta i januar 1980 med 13 deltakarar. Einar Eimhjellen, som hadde kjøpt seg torader året før, var instruktør. Etter at han hadde lært seg eit par slåttar vart kurset sett i gang, og instruktøren passa på å ligge knapt hestehovud føre elevane sine. Dette kurset hadde høg tilslagsprosent. Etter at kurset var avslutta i november var det heile 9 av deltakarane som heldt fram som toradergruppe.

Laget deltok ikkje på kappleikar dette året, men elles var det høg aktivitet med speleoppdrag i nærområdet og



Den første toradergruppa i laget. Framme frå v. Astrid Røyseth, Trygve Frammarsvik, Inger Marie Røyseth. Bak frå v. Erik Horstad, Leiv Vonen, Magnus Grimset, Egil Kristiansen, Einar Eimhjellen og Helge Åsen på el. bass.

Flora/Bremanger. Noko inntekter vart det av dette, men utlogene var likevel større. Landskappleiken førre året gav omlag kr. 30 000 i kassa, og ved årsoppgjeret no er kassamedelen omlag 23 000. Laget si eige omfattar også høgtalaranlegg og ein del musikkinstrument. Medlemslista viser 20 aktive utøvarar, men frammøtet på øvingane har vore noko ujamnt dette året.

Kursverksemda heldt fram i **1981**, med kurs på fleire plan i felespel, m.a. ei juniorgruppe som hadde eit 5-dagars kurs med Arne Sølvberg som instruktør. Den nyskipa toradergruppa har vorte svært populær, og utpå hausten vart det sett igang nytt nybyrjarkurs med 12 deltakarar. Instruktør var Egil Kristiansen.

Laget deltok på fylkeskappleiken i Askvoll og vestlandskappleiken i Breim., og elles som vanleg ymse tilskipingar og speleoppdrag i nærområdet. Av lengre utferder kan nemnast spelemannstreffet i Vågå. Elles var året sterkt prega av hardtrenoing for innspeling av ei ny grammofonplate. Laget slapp å reisa til Oslo denne gongen. Førre utgjevaren – Kåre Korneliussen – var no gått bort, og det vart inngått avtale med plateselskapet Polygram. Dei kom med opptakarutstyr og nytta Instedalen skule som lydstudio.



Solbjørg Steiro – og Arild Herstad har markert seg som framstående dansarar, med bl.a. Springar frå Naustdal. Her er det Kjell Bjarte Vonen og Bård Leversund som er spelemenn.

Springar frå Naustdal

Dette året tok spelemannslaget opp arbeidet å ta vare på den gamle Naustdals-springaren. Einar fekk på plass Egil Bakka i Rådet for folkemusikk og dans, som gjorde filmopptak med eldre dansarar. Den viktigaste lokale ressursen var Bjarne Reiakvam som dansa med systra Borgny under opptaka, som vart gjort heime hos Einar og Marit.

Grunna kurs og aspirantgrupper var no nærare 60 personar involverte i laget si verksemd, men den faste staben i hovedlaget talde framleis omkring 20 utøvarar. Laget har hatt store reiseutgifter, og har subsidiert nye lagsbunader, og kassamedelen er no nede i omlag kr. 4000.

Vi er komne til 1982, og oppretting av undergrupper har ført til avlasting for hovedlaget når det gjeld medverknad ved lokale tilskipingar. Utanom lagsfestane har hovedlaget spela ved 4 tilstellingar, toradergruppa 3, og juniorgruppa i felespel 2. Alt i januar hadde laget spelemannsfest i Flora samfunnshus, for 400 tilhøyrarar og men nyskipa Flora spelemannslag som medverkande. Neste spelemannstreff fann stad i Fosshalla i april, der laget

stilte mannsterkt med sine tre avdelingar. Gjester var Flora spelemannslag og publikums-trekkjaren Vågå spelemannslag. Fullt hus og stormande jubel. Haustsesongen vart innleia med vellukka spelemannsfest i Hyen, og i november hadde laget sitt første toradertreff. Det vart halde i Fosshalla og samla fullt hus. Gjestelag var Toradarane frå Nordhordland, ein vel-trimma gjeng med 10 – 12 medlemer.

Hovedlaget har framleis omlag 20 aktive medlemer. For første gong stiller laget med toradarar, tre i talet. Toradargruppa har eit mannskap på 15, og juniorfelespelarane 10.

Også 1983 opna med spelemannsfest i Florø; denne gongen i samtilskiping av spelemannslaga Flora og Naustedal. Variert program, og godt frammøte i samfunnshuset. I april kom den årlege spelemannsfesten i Fosshalla. Innbedne lag var Flora og Indre Sunnfjord. Sistnemnde hadde hovedprogrammet.

Tyngste løftet dette året var tilskipinga av vestlandskappleiken i august, i Naustdal barne-og ungdomsskule. Der var samla ca. 200 deltakarar frå heile Vestlandet, fordelte på 112 startnummer. I kulturprogrammet fredag kveld deltok m. a. ei fransk dansegruppe, i samband med avsluttinga av Folkedansveka i Sunnfjord.

Naustedølen

Ei mindre gruppe frå hovudlaget, "Naustedølen", deltok i "Noregsmeisterskapen for gamaldansorkester", og plasserte seg på 27-plassen av heile 140 deltakande orkester. Ingen dårleg start for Naustedølen! Toradargruppa tok turen til toradarfest i Lindås, og elles var laget som vanleg aktivt på heimebane. Nytt av året var romjulsfest på Instedalen skule.

Ved utgangen av året har hovedlaget 22 aktive, og toradergruppa 13. Juniorfelelaget synes å vera i ferd med å gå i oppløysing.

Året 1984 var kanskje noko

makelegare enn dei føregåande. Laget sine egne tilskipingar var:

- Spelemannsfest på Fosshalla i slutten av april, med gjestelaga Gaular og Nordbygda. For første gong mindre folk enn venta, som truleg skuldast årstida og nydeleg vårvêr.
- Spelemannstreff på Vona. Dårlig ver, men elles ganske vellukka.
- Toraderfest på Fosshalla i november.
- Romjulsfest i Instedalen. Fyldig program og mykje folk.

Laget deltok i lagspel – både med og utan komp – på fylkeskappleiken på Sande. Naustedølen avanserte 10 plassar i NM for gamaldansorkester, og vart nummer 17. Lengste lagsturen gjekk til Oppstryn, der laget medverka ved leikfest. Vidare hadde laget – samla eller ei av gruppene - tilsaman omlag 10 speleoppdrag i heimedistriktet. Den aktive styrken minka noko dette året. Laget har no berre 30 namn på lista, fordelte med 18 i hovedlaget og 12 i toradergruppa, men ei nybyrjargruppe som er under opplæring av Sigmund Eikås viser gode takter.

Det gode samarbeidet med Flora spelemannslag heldt fram i 1985, og året starta konvensjonelt med fest i Flora samfunnshus. Sidan fylgde laget sin eigen fest i Fosshalla, og spelemannsfest i Breim. Laget deltok på fylkeskappleiken i Hyen, og på Landskappleiken på Otta. På denne kappleiken kom Sunnfjord-dansen verkeleg fram i lyset. Danseparet Arild



Naustedølen har hatt ulik samansetning gjennom åra. Her er den samansetjinga gav ut kassetten "Laurdagskveld på Vona" i 1986. Frå v. Einar Eimhjellen, Marius Ness, Egil Kristiansen, Terje Nes og Joar Solheim.

Herstad og Reidun Førde vann den store B- klassa i dans med sin sunnfjordspringar, og dei rykte dermed opp i klassa A. På meir heimlege trakter hadde laget som vanleg mange gjeremål, m.a. 2 leikfestar på Trollstova, og elles ei lang rekkje tilskipingar i nærområdet.

Tur til Amerika

Men no hadde laget også større ting på gang. Laget hadde lenge arbeid med førebuing av ein Amerika-tur, og no var alt ordna og klarert. Med 22 musikarar og 8 dansarar - og dessutan nokre ektefeller og andre interesserte - stilte laget opp til avreise 5. oktober. Turen gjekk til Seattle- området, der svært mange Sunnfjord-ætlingar er å finne frå Tacoma i



Naustedalens Spelemannslag har hatt 3 turar til USA – i 1985, 1991 og 2000. Alle turane var lagt opp med ei rekke konsertar og tilskipingar. Turane vart organisert i samarbeid med naustdalsamerikanaren Howard Olivers. Turane la grunnlaget for opprettinga av venskapssamarbeidet mellom Kent i USA og kommunane Naustdal, Førde, Jølster og Gaular. Øverst: På scena i Kent. T.h.: Besøk ved eit av verdas høgste tre. Under: Besøk på flvfabrikken til Boine i Everett.

sør til Poulsbo i nord. Kontaktmann og organistor var Howard Olivers (Skaflestad), busett i Kent, som ligg mellom Seattle og Tacoma. Fylgjet vart henta på flyplassen Seattle Airport, og det var ordna med privat innkvartering. I utvandringstida var det svært mange naustedøler som slo seg ned i Kent. Det kuperste skoglandet høvde sikkert betre for dei enn den flate prærien i Midt-Vesten. Dei dyrka jord, arbeidde med tømmerhogst og laksefiske, og



greidde seg godt, og mange vart verande. Dei fleste norskætta er tilslutta Sons of Norway, som har lokallag i dei fleste byane på Vestkysten, og som også hadde tilrettelagt konsertturneen.

Konsertprogrammet var samansett av spel i samspel, grupper og solo, dansefram-syning, visesong og ein lysbildeserie frå Naustdal.

Konserten vart framført 9 gonger på turen, av desse på tre stader i Tacoma, m.a. under Leif Ericksonsdagane som er ein veldig folkefest i dei skandinavisk-prega områda. Her fekk truppen gleda av å opptre for opptil 4000 tilhøyrarar. Responsen var overveldande. Overalt var det fulle hus, og folk kom køyrande lange veger for å få oppleve det norske programmet. Serleg forvitneleg var besøket i Poulsbo, byen som vart ”grunnlagd” av naustedølen Ole Stubhaug, og der dei har ei kyrkje som heiter Førdefjord Lutheran Church.

Attåt konsertane var det arrangert fleire forvitnelege synfaringar, både inne og ute. Veret var pent og varmt, så deltakarane hadde fullt utbyte også av utflukter til fjell og skog, alt

med dimensjonar langt utover det ein kan finne her i landet. Alt var så godt organisert at dei to vekene turen vara gjekk heilt knirkefritt. Heile gjengen var tilbake i Naustdal om kvelden 20. oktober, døgnville, men elles i god stand. Ei tid etter heimkoma vart Amerika-programmet – supplert med lysbilete frå turen – framført for fullt hus i Fosshalla. Eit aktivt år tok slutt med romjulsfest i Instedalen, der deler av Amerika-programmet vart framført. Når det gjeld aktive utøvarar, så har talet på felespelarar auka noko, men elles er det likt med året før.

Kurs i Naustdalspringar

Første tilskipinga i 1986 var dansefest på Skei, med siste framsyning av Amerika-programmet. I februar vart det starta opp kurs i gamal Naustdals-springar, etter Egil Bakka sine filmopptak. Det møtte 20 deltakarar, som fekk 7 øvingskveldar. Det vart også øvt på hamborgar.

Den store hendinga dette året var Landsfestivalen i gamaldansmusikk, som etter mange års diskusjon vart oppretta i regi av Landslaget for spelemenn. Den første festivalen vart lagd til Førde. Dette var ei kappleiksform som høvde for Naustedalen, og laget deltok i både lagspel og gruppespel, og hadde dertil nokre deltakarar i torader solo. Beste resultatet oppnådde ungguten Kjell Bjarte Vonen, med 3. plass i klassa for torader junior.

Også dette året hadde laget ein god del speleoppdrag i nærområdet. Gruppa Naustedølen fekk også tid til å spela inn kassetten ”Laurdagskveld på Vona”. Midt i november vart det skipa til spelemannsfest i Fosshalla. Då kom det storveges besøk frå Voss, med Lars Skjervheim og Leif Rygg i spissen. Vertslaget med sine mange undergrupper opna programmet, men så overtok vossingane, som gav til beste slåttspel på høgste nivå. Siste tilskipinga i året var romjulsfesten i Instedalen. Eit nytt programinnslag her var gruppa Dalasus, som hadde ei songavdeling.

Dei to hovedgruppene i laget er no jamstore med 16 i kvar, og med tre ”komparar” på deling. Styret ville gjerne ha også dansarane inn som medlemmer av laget, og det påfylgjande



Asbjørn Sunde t.h. døydde i 1987. Han og Einar Bakkane var dei viktigaste tradisjonsberarane innan folkemusikken i Naustdal. Einar døydde i 1973.

årsmøtet vedtok å opne laget for medlemskap for alle interesserte.

Talet på utøvarar i gruppene heldt seg nokolunde uendra utover i 1987. Nokre av gamlekarane i felegruppa trekte seg ut, men nyopplærde ungdomar kom inn i staden. Veteranen Asbjørn Sunde døydde dette året. Han var leiar for Instedalen spelemannslag i 15 år, til det vart omskipa i 1968, og han var æresmedlem i Naustedalen spelemannslag. Også Leiv Vonen fall bort dette året.

Han vart med i toradergruppa

nokre år tidlegare, og var ein ivrig og dyktig spelemann. Han har sett merke etter seg med reinlendaren ”Laurdagskveld på Vona”, som har vorte som ein kjenningsmelodi for spelemannslaget. Det vart framleis satsa sterkt på opplæring, med både dansekurs og toraderspel for vidarekomne. I haustsemesteret vart det sett i gang nybyrjarkurs for både fele og torader, og elles hadde laget deltakarar i fleire helgekurs og i sommarkurset på Mo.

Laget deltok på fylkeskappleiken på Skei, og i juli bar det avgarde til Landsfestivalen i Trondheim. Laget hadde fyldig deltaking, med både lag, grupper og solospelarar. Dei opp-nådde stort sett gode plasseringar: Spelemannslaget nr. 9 av 24, og gruppa Dalasus nr. 10 av 33. I klassa for torader junior sikra Kjell Bjarte seg bronsemedaljen også i år, med dei andre unge naustedølene hakk i hæl. Toradergruppa deltok også på ein toraderkappleik i Lom. Arild Herstad representerte laget med dans av høg klasse på fleire kappleikar.

Lista over medverknad ved ymse tilskipingar er som vanleg ganske lang. Av dei som fann stad utanfor Naustdal/Førde kan nemnast: Leikfest på Trollstova, raspekakefest i Innvik, spelemannsfest i Vågå, d.s. i Hyen, olsokstemna i Movika, og bondefest i Fjærland. Siste tilskipinga i året var den etter kvart tradisjonelle romjulsfesten i Instedalen. Våren 1988 stelte laget til ein skikkeleg storarta fest på Fosshalla, med gjestelaga Vågå og Indre Sunnfjord. Det vart ei fyldig programavdeling for fullt hus. Eit serleg fint innslag var utnemning av Sigvard Ness til æresmedlem i Naustedalen spelemannslag. Laget deltok på fylkeskappleiken i Breim, og på Landsfestivalen som dette året var lagt til Vinstra. Nokre av dei yngste var også med på minikappleiken på Mo.



Munnspelet kjem tilbake

Utpå hausten vart det stor spelemannsfest igjen, og denne gongen med den svenske riksspelemannen på munnspel, SkogsbyLasse, som hovedgjest. Det var heilt utruleg kva han kunne få ut av dei små munnspela sine. Så sto det att berre romjulsfesten i Instedalen, og den fekk ei vellukka gjennomføring i tradisjonell stil.

Opplæring av nye krefter heldt fram. Laget hadde nybyrjarkurs for fele og torader, kvart med 10-11

deltakarar, og fire av dei yngste felespelarane deltok i sommarkurset på Mo. Talet på aktive utøvarar heldt seg på same nivå som dei føregåande åra. Laget har hatt ein god del speleoppdrag, dei fleste i nærområdet i år. Laget har hatt god inntening på

festane sine, og driftsrekneskapen viser eit pent overskot.

Det første som hende i 1989 var at Einar Eimhjellen sa frå seg attval som styreleiar. Han hadde vore både styreleiar og musikalsk leiar i 20 år, og no ba han om å få sleppe det administrative



Munnspelet vart mykje nytta i Naustdal før. Difor var det ei oppleving å få besøk av den svenske riksspelemannen på munnspel, Skogsby-Lasse. Han heldt også munnspelkurs. Fremst frå v. Øygunn Kringlen, Einar Eimhjellen, Astrid Røyseth og Marit Eimhjellen. Bak frå v. Astrid Indrekvam, Berit Andersen, Skogsby-Lasse, Per Stuhaug, Magnus Grimset, Egil Eimhjellen og Gunnar

arbeidet. Ny styreleiar vart Marius Ness.

Han var ikkje utan røynsle i faget, han hadde

vore med i styret i 17 år.

No var det eit slags jubileumsår igjen. Det var 35 år sidan laget vart skipa, og 20 år sidan det vart omskipa, og dette vart markert med ein storstila spele-mannsfest i førstninga av mai. Av plassomsyn vart festen lagt til gymnastikksalen på NBU, mykje på grunn av dei mange gjestelaga. Desse var Førde trekkspelklubb og spelemannslaga Dalsfjorden, Fjellklang og Gaular. Vertslaget opna programmet med seg sjølv i heile 6 versjonar, for retteleg å vise breidda i spelemanns-miljøet i Naustdal. Så fylgde alle hine laga med kvar sine innslag, og til slutt byttest laga om å spele til dansen.

Neste etappe var Landsfestivalen på Fagernes. Der var det deltaking i lagspel og gruppespel, og dessutan nokre av dei unge toradarspearane. I august var det vestlandskappleik i Førde, og spelemannslaget deltok i lagspel. I september spela laget opp til leikfest i Horstad skule. I november var det først toradertreff på Fosshalla, og to veker seinare deltok heile laget på Førde trekkspelklubb sin gamaldansfest. Romjulsfesten i Instedalen avrunda dette arbeidsåret.

Starten på 1990 vart prega av arbeid, ordning og mas. Laget hadde teke på seg å vera tilskipar for fylkeskappleiken siste helga i mars. Naustdal barne-og ungdomsskule er god å ha i slike høve, og det vart ei vellukka tilskipping med rekorddeltaking. Laget deltok også på landskappleiken på Nordfjordeid og landsfestivalen på Oppdal med gode plasseringar. Bård Leversund vart vestlandsmeister på torader i Ulvik, og juniorfelegruppa deltok på sommarkurset på Mo. Mokurset inneber m.a. full pensjon i nesten ei veke, og frå no vart det innført den praksis at deltakarane sjølve må bera halve kostnaden.

Blant dei mange speleoppdraga var leikfest på Trollstova, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, gjestetur til Hyllestad trekkspelklubb, årsmøte i Sogn og Fjordane Folkemusikklag, bondefest i Førde og "hestefolkfest" i Førde. I oktober var det toraderfest på Fosshalla. Gjestelag denne gongen var "Seomlaget" frå Tretten, og Hyllestad trekkspelklubb. Siste tilskippinga i året var som vanleg romjulsfesten i Instedalen.

Laget har no 70 medlemmer. Av desse er heile 54 aktive musikarar, men då er alle kurselevane medrekna. Laget har starta med førebuing av ein ny Amerika-tur.

Juniortreff for Sogn og Fjordane, i Naustdal

Så var vi komne til 1991, som vart eit svært aktivt år. I mars hadde laget dansespeleoppdrag på gamaldanskveid i Fosshalla, toradertreff på Fjelli i Stryn, og bygdafest i Fosshalla. I april hadde laget tilskippinga av Juniortreffet for Sogn og Fjordane. Det er Sogn og Fjordane folkemusikklag som står bak dette arrangementet, som no vart halde for fjerde gong. Det vart



Naustedalen Spelemannslag har to gonger, i 1991 og 1999, vore lokal tilskipar av dei årlege Juniortreffa for Sogn og Fjordane. Her ser vi fylkeskultursjef Lidvin Osland saman med dei om lag 120 "spelemannsspirene på treffet i Horstad i 1991.

ei veldig deltaking. Omlag 120 unge spelemannsspirer av begge kjønn møtte opp på Horstad skule, så det vart ei travel økt for tilskiparane. I tilknytning til juniortreffet vart det halde spelemannsfest på Fosshalla, og også den vart godt besøkt. Gjester var spelemannslaga Gaular, Hyen og Indre Sunnfjord.

Veka etter deltok laget på fylkeskappleiken på Sandane, og

så fylgde Bygdedagane i Naustdal med flakedans, og gatespel under

Førde-festivalen. Deretter gjekk turen til Landsfestivalen i Vågå. Etter olsokstemna i Movika var laget med verkande i ei storhending i heimbygda. Naustdal kyrkje hadde 100-årsjubileum dette året, og i det høve hadde komponisten Sigvald Tveit og tekstforfattaren Erik Hillestad skrive jubileumskantata "Lat oss samlast i kyrkja". I denne kantata var det meste av song-og musikkmiljøet i bygda involvert. Spelemannslaget hadde ei viktig rolle i kantata, med fleire av laget sine melodiar. Den mektige finalesatsen – der alle aktørane er med – er eit praktfullt arrangement av brure-marsjen til Gamle-Jakob Slettemark. Etter fleire øvingar vart kantata framført i Naustdal kyrkje 13. september, og seinare på hausten var det framføring i Naustdal og i Dale.

Som nemnt så arbeidde laget med ein ny Amerika-tur, og denne skulle no realiserast. Programmet vart prøvekøyrert og finpusa på såkalla Amerika-festar i Vevring, Holmedal, Ålfoten og Svardalen. Truppen hadde 29 aktive deltakarar, og 9 "turistar", og dei reiste frå Flesland om morgonen 27 september. Denne gongen gjekk turen til Los Angeles, og dei hadde fem konsertar i California i opptil 40 varmegrader, før turen gjekk til Seattle-området. Der møtte dei gamle kjenningar, og alle vart innkvarterte privat for resten av opphaldet. Etter konsertar i Puyallup, Everett, Poulsbo, Astoria, Ballard og Tacoma tok dei fly frå Seattle, og kom til Naustdal om kvelden 13. oktober. Også denne konsertturneen var ein stor suksess. Etter heimkomsten vart Amerika-programmet framsynt i Fosshalla og på romjulsfesten i Instedalen.

Den høge aktiviteten gav lite i kassa, og året gjekk ut med eit betydeleg driftsunderskot. Ein del av dette vart retta opp då sluttstrek vart sett for Amerika-rekneskapen, men, som det står i ei gamal vise: ".....men likevel gjekk eg ein dalar i forlis".

Til årsmøtet i starten av 1992 hadde Marius Ness sagt frå seg vervet som styreleiar, og ny leiar vart Kjell Bjarte Vonen. Han var no også "dirigent" for toradergruppa, medan Einar Eimhjellen framleis var musikalsk leiar for heile laget.

Laget deltok på fylkeskappleiken i Aurland i lagspel og gruppespel, og nokre lagslemer stilte opp i dans og solospel. To av desse vart klassevinnarar, Arild Herstad i lausdans klasse A, og Bård Leversund i torader junior. Landsfestivalen fann stad på Geilo, og også der oppnådde laget fine plasseringar. Av laget sine eigne tilskipingar kan nemnast spelemannsfest på Fosshalla i mars, og laurdagskveld på Vona i juli.

Amerikabesøk

I august fekk Naustdal eit artig besøk frå Amerika, nemleg 32 medlemmer av leikarringen "Nordahl Grieg" i San Jose i California. Spelemannslaget var vertsskap for gjestene, og det var førebudd eit omfattande program. Det var "Bli kjent-fest" på Trollstova første kvelden. Dagen etter var det synfaringar og danseoppvisning, m.a. på Aldersheimen.



Florance Thompson Clark og mannen hennar, Dan, var svært begeistra over å møte ein ekte cowboy i Naustdal. — Jau, co-vore. Men det er lenge sidan! stadfesta friskusen Sverre Veien (73).

Ekte cowboy-møte i Naustdal

Der hausta Naustdal stor PR-gevinst, då både NRK, Firda og Firdaposten var til stades. Om kvelden var det open fest på Fosshalla. San Jose var ein av konsertstadene for spelemannslaget på USA-turen førre året, og gjensynsgleda var stor.

Seinare på hausten hadde laget gamaldansfestar i Ålfoten og på Straumsnes, i samarbeid med ungdomslaga på desse stadene, og som siste tilskipinga i året kom den tradisjonelle romjulsfesten i Instedalen.

Det vekte stor mediainteresse då laget fekk gjensitt av Nordahl Grieg Leikarring frå San Jose som Naustedalen var gjestar hos året før. Dei opptredde m.a. på aldersheimen der dei møtte norskamerikanaren Sverre Veien.

Også dette året hadde laget ei lang rekkje med lokale speleoppdrag. Eit av dei meir interessante galdt kyrkja". Den skulle gjevast ut på kassett, og laget var med på opptaka i kyrkja to dagar i slutten av april.

Laget segler i medvind no. Medlemstalet er aukande, p.t. 72, og av desse er 51 aktive i spel. Fleire barnegrupper er under opplæring av meir røynde lagsfelager. I sommarkurset på Mo deltok 10 av laget sine unge lærlingar. Laget hadde også bra forteneste, og driftsresultatet viste ca. kr. 15 000 i overskot.

Diverre så døydde to av laget sine trufaste medlemmer dette året. Kåre Eimhjellen var rekna som laget sin gründer, og han var æresmedlem. Malvin Helgås hadde vore trufast spelemann og kassastyrar i laget frå rehabiliteringa i 1968 til 1991.

Første tilskipinga i 1993 var toraderfest på Fosshalla. Sidan gjekk det slag i slag utover vinteren og våren med tilskipingar og medverknader, så som fleire gamaldanskveldar på Fosshalla i samarbeid med Naustdal ungdomslag, og stor spelemannsfest på Fosshalla i mars. Her deltok m.a. Naustdal Felleskor i programmet. Siste helga i mars var det fylkeskappleik i Dale, som vanleg med fyldig Naustdals-deltaking og gode plasseringar. M.a. vann danseparet Arild Herstad og Solbjørg Steiro Herstad B-klassa med sin Naustdals-springar. Dei markerte seg positivt også på landskappleiken, og serleg på vestlandskappleiken på Sandane.

Landsfestivalen i gamaldansmusikk



Laget deltok på Landsfestivalen i Stryn i 1993. Framme frå v. Joar Skorpen., Eli Astrid Eimhjellen, Asbjørg Løken, Stian Lykkebø, Ingvill Bruflot, Randi Lykkebø og Vibeke Natås. Ståande frå v. Arvid Lykkebø, Vivian Lykkebø, Egil Eimhjellen, Kjell Arne Teigen, Magn Stuhaug, Gro Merete Vandvik, Marit Eimhjellen, Einar Eimhjellen og Kjell Skaflestad.

Landsfestivalen var lagt til Stryn dette året, og laget sine deltakarar i lagspel, gruppespel og solo oppnådde fine plasseringar. Haustsesongen tok til med vestlandskappleiken på Sandane, der serleg dansarane gjorde det kvast, som nemnt ovanfor. Vidare vart det m.a. toraderspel i Viksdalen, bygdedanskurs i Fosshalla og leikfest på Trollstova. Litt spesielt var det at nokre av felene med komp spela på prostimøte i Askvoll. Elles deltok laget – eller grupper – ved ei rekkje andre tilskipingar som ikkje er nemnde her.

Romjulsfesten i Instedalen gjekk etter vanleg innkøyrd mønster, men var denne gongen ikkje siste oppdraget i året. Kvelden etter var laget frampå igjen, med speling på Vårbod u.l. sin ungdomsfest på Horstad skule.

Interessa for laget varer ved, og medlemstalet er no oppe i 86, som fordeler seg med 52 musikarar og 34 dansarar og støttemedlemmer. Også dette året har det vore opplæring i spel

på fele og torader, for både nye og vidarekomne. Seks av dei yngste deltok i sommarkurset på Mo. Laget har hatt store utlegg til innkjøp av høgtalarutstyr og forskottering av landskapp-leiken 1995, men utanom desse investeringane kjem laget ut med eit lite driftsoverskot.

Kjell Bjarte Vonen sa frå seg attval som styreleiar, og frå 1994 er Einar Eimhjellen atter både styreleiar og musikalsk leiar. Aktiviteten vart såvisst ikkje mindre av den grunn, noko som dette utdraget av årsmeldinga viser: ”Fylkeskappleiken i Hyen, Landsfestivalen i Gammaldans på Røros, Minikappleik på Mo jordbruksskule, Vestlandsmeisterskapen i torader i Ulvik, Den Internasjonale Folkemusikkfestivalen i Førde, Gammaldansfest i Dale, Leiktreff på Heia, Spelemannsfest på Austrheim, Speling på gammaldanskveldane i Fosshalla (kvar onsdag). Laget skipa sjølv til Toraderfest i Fosshalla, Julefesten i Instedalen og 40-års jubileumsfest i Fosshalla. Speling 17.mai i Instedalen og Fosshalla, Sangens og musikkens dag i Naustdal.” Danseparet Arild og Solbjørg Herstad deltok på fylkeskappleiken i Hyen og på landskappleiken i Rauland med springar, parhalling og lausdans. Spelemannslaget deltok ikkje i Rauland, men dei fire lagslemene som inngjekk i hovedkomiteen for neste års landskappleik var til stades som observatørar.

Felekurs som var starta opp i 1993 heldt fram gjennom året, og dei beste og mest interesserte vart etter kvart tekne inn i lagspelet. I haustsesongen vart det sett i gang nytt nybyrjarkurs i både fele- og toraderspel. Alle kurslærarane var medlemmer av laget.

Det høge medlemstalet heldt seg oppe, og ved årsutgangen hadde laget 46 aktive musikarar, som fordelte seg slik på dei ymse instrumenta: Fele 17, trekkspel 3, Torader 22, gitar 2 og bass 2. Økonomien i laget er god. Investeringane i førre året er alt dekkja opp ved inntekter av lagsaktiviteter og tilskot.

Tilskipar av Landskappleiken

Året 1995 vart sterkt prega av Landskappleiken i Førde, der Naustedalen spelemannslag var medtilskipar saman med Indre Sunnfjord. Kappleiksgeneral var Sigmund Eikås. Med seg hadde han ei hovedkomite på 9 medlemmer – 5 frå Indre Sunnfjord og 4 frå Naustedalen -, og kvar av desse var leiar av ei fagnemnd. Kappleiken hadde også sekretær, som var



Naustedalen Spelemannslag stod for tilskipingna av Landskappleikane i 1979 og 1995 saman med Indre Sunnfjord Spelemannslag. Her er hovudnemnda i 1995. Framme frå v. Einar Eimhjellen, Hilde Bjørkum, Sigmund Eikås og Ingrid Søyland. Bak frå v. Inge Lavoll, Egil Svidal, Arthur Søgner, Reidun Førde, Kari Støfringsdal, Marit Rognebakke og Kjell Bjarte Vonen.

velvillig utlånt frå Fylkeskulturkontoret. Dei aller fleste av medlemene i laget var engasjerte i førebuinga og gjennomføringa av dette store arrangementet, og også andre velvillige og interesserte personar vart trekte inn i arbeidet.

Tilskipinga vart ein stor suksess, både fagleg og økonomisk. Tevlingar og program fekk prikkfri gjennomføring, og det fall mange lovord. Tidspunktet var noko uvanleg for landskappleiken som vanlegvis er lagt til midsumarhelga,

men med strålende sommarver vart dette ikkje til noka ulempe. Mange gav i ettertid uttrykk for at det varme, lodne augustmørkret la ein heilt spesiell dâm over utelivet,

med sitt mangfald av buskspel og folkeleg utfolding, som høyrer til ein skikkeleg landskappleik. Ein detalj som vart lagd merke til var at den vidkjende biletkunstnaren Ludvig Eikaas hadde late seg overtale til å måle ein akvarell, som vart trykt i stort opplag og nytta som deltakarpremie, og i innråma tilstand også som gåve til domarane.

Men laget rakk over mykje anna også dette året. Juniorgruppene deltok på minikappleik på Mo og på juniortreffet i Hornindal. Fylkeskappleiken i Sogndal hadde brei deltaking med gode plasseringar. 17.mai-fest i Instedalen høyrer med til dei faste oppdraga, og – som litt utanom det vanlege – hagefest på Sunnfjord hotell. Lagspelinnsatsen var som vanleg god på Landsfestivalen på Vinstra, og ganske bra også på Landskappleiken i Førde. Vestlandskappleiken gjekk på Sande, og der deltok einskildspelemenn og dansarar. Laget spela også ved tunnelopningsfestane i Fosshalla og Flora samfunnshus, opning av Russenes friluftsområde, og leikfest på Trollstova.

Laget hadde også sine egne tilskipingar, først Spelemannsfest i Florø i mars, så bygdafest på Horstad skule i mai, og til slutt romjulsfesten i Instedalen.. I juli hadde laget vitjing av ei dansegruppe frå Austerrike. Etter danseoppvisning på torget og Heimen fekk gruppa bevertning og omvisning, og om kvelden deltok gruppa i festleg samkome på Fosshalla.

Medlemstalet minka noko dette året. Ved årsslutt var det registrert 71 betalande medlemmer, mot 85 året før. Det er serleg støttemedlemmer som har gått ut. Talet på aktive utøvarar er omlag uendra, men her har mange nye kome inn. Den aktive kursinga har bore frukter, og hovedlaget er no eit påfallande ungt lag. Av felegruppa sine 17 medlemmer er heile 10 i alder omkring 20 år eller yngre.

Året 1996 starta med leiarskifte. Einar Eimhjellen sa frå seg attval, og ny styreleiar vart Arthur Søggen. Det meste gjekk vidare i same tralten som før, og aktivitetane var mange:


- Minikappleiken på Mo, lagspel og kveding junior, hardingfele kl.B.
- Fylkeskappleiken på Skei. Klassevinnarar i lagspel torader senior. og gruppespel gamaldans senior. Elles deltaking i H-fele B og C, og lagspel m.komp.
- Juniortreff i Kaupanger, deltakarar i H-fele, torader og song.
- Bygdedagane, 100-årsjubileum for Naustdal kommune: Kulturkvelden på Fosshalla, i opptoget, og deler av dansespelet på Fosshalla laurdag kveld.
- Landsfestivalen, Fagernes. Deltaking i lagspel (nr. 10 av 25), og Naustedølen og toradergjengen i gruppespel.
- Spelemannsfest i Hyen i august, Jubileumsfest for Per Støyva i Breim i november.
- Leikfest på Trollstova, dansespel av toradergruppa.
- Romjulsfest i Instedalen. Tradisjonelt allsidig program.

Fylkesmeisterskapen i gamaldansmusikk

Fylkesmeisterskapen i gamaldansmusikk var ein nyskapning av året. I mange år hadde gamaldansgreinene hatt ei eiga avdeling på fylkeskappleiken i Sogn og Fjordane, men årsmøtet i Sogn og Fjordane folkemusikkklag i mars vedtok deling av kappleiken, førebels for tre år. Fylkeskappleiken skulle framleis vera om våren, men gamaldansgreinene skulle no ha sin eigen kappleik, som



Leif Erik Stuhaug (over) vann C-klassen for soloinstrument. Indre Sunnfjord vann lagspel og Naustedølen – gruppespel. Sigmund Eikås og Einar Eimhjellen (lengst t.h.) tok mot premiane til Indre Sunnfjord og Naustedølen.



skulle kallast fylkesmeisterskap og tilskipast om hausten. Første tilskipinga gjekk til Naustedalen, som

løyste oppgåva på ein fullgod måte, og som også gav eit pent overskot.

Meisterskapen vart halde på Naustdal barne- og ungdomsskule, med brei deltaking frå vertslaget, og gode plasseringar: Kllassesiger i gruppespel (Naustedølen) og i lagspel torader, og nære på i lagspel for spelemannslag (nr. 2 av 9 lag).

Laget satsa framleis sterkt på opplæring. I tillegg til dei faste lagøvingane var det i gang kurs i både fele og torader, begge på to nivå, nye og litt vidarekomne. I slutten av året vart det notert 34 aktive musistar og 22 kurselevar. Talet på betalende medlemmer var 57.

I det ovanemnde fylkesårsmøtet vart Einar Eimhjellen vald til ny leiar for Sogn og Fjordane Folkemusikklag (SFF). Dette førde til at han fann å måtte ta seg fri frå det krevjande vervet som musikalsk leiar for Naustedalen spelemannslag inntil vidare. Heldigvis fanst det kvalifisert hjelp å få. Strynejenta Liv Fridtun oppheldt seg då i Førde, og ho tok på seg å leie øvingane i det opphavlege tradisjonelle spelemannslaget, eller Trad-laget, som det no gjerne vart kalla. Toradergruppa hadde sin leiar Kjell Bjarte Vonen, og det administrative arbeidet tok styret seg av. Liv tok over som lagleiar i november, etter fylkesmeisterskapen.

Årsoppgjeret viser at laget har vore flinkare til å bruke pengar enn til å tene dei, men laget har opptente midlar i bakhand, m.a. frå landskappleiken 95, så likviditeten er god.

Året 1997 tok til med noko som likna litt på ei leiarkrise. Arthur Søggen hadde førre året teke på seg styreleiarvervet under uttrykkeleg føresetnad av at det skulle vera for berre eitt år, men valnemnda makta ikkje å finna nokon annan kandidat. Liv Fridtun måtte av praktiske grunnar seia frå seg lagleiarjobben utpå vårparten. "Krisa" vart løyst ved at Arthur Søggen tok attval som styreleiar, og Einar Eimhjellen tok atter ved vervet som musikalsk leiar. No hadde laget fått eit stabilt leiarskap som kom til å vare i mange år framover.

Den lokale aktiviteten vart mindre enn det som hadde vore vanleg tidlegare, men laget deltok i fleire kappleikar, med vekslende dugleik og hell. Fylkeskappleiken i Stryn gjekk bra, men Landsfestivalen på Otta gav berre halvgode plasseringar i både lagspel og gruppespel. Vestlandskappleiken vart halden i Aurland i oktober, og her vart det nesten botnplassering i lagspel (med berre felegruppa). Dette skulle rettast opp att i den etterfylgjande fylkesmeisterskapen på Sandane, der det var full lagoppstilling med komp, men nei. Laget greidde ikkje å overtyde domarane, men både Naustedølen og toraderlaget vart fylkesmeistrar i sine klasser.

Av speleoppdrag og tilskipingar kan nemnast to leikfestar på Trollstova, og ein triveleg tur til Gulen med gamaldansfest på Oppdalsøyra. Dette året vart det ingen romjulsfest, grunna vanskar med å samle medlemene til felles innsats. Kursaktiviteten var stor



Laget har hatt deltakarar på dei fleste fylkesjuniortreffa. Her er vi i Hornindal.

gjennom heile året. Det var felekurs for nybyrjarar i Inste dalen, og for litt vidarekomne i Midtredalen. Denne gruppa deltok i juniortreffet på Vassenden. Til saman hadde felekursar 10 elevar. Også i torader var det to kurs, begge i Horstad skule, og med tilsaman 13 elevar. På Mokurset stilte

laget med 4 deltakarar på fele.

Medlemstalet er 60, som er litt meir enn i fjor, men talet på aktive har gått ned frå 34 til 30. Dette har serleg gått ut over Trad-laget, som no kan oppvise berre 12 medlemmer. Fleire av dei mange ungdomane frå Instedalen har vorte borte, men nokre nye har kome til.

Frå litt svekka utgangssposisjon tok laget fatt på arbeidsåret 1998. Aktivitetslista er ikkje imponerende lang, men inneheld likevel fleire lyspunkt:

- Fylkeskappleik på Vassenden. Berre måteleg innsats i lagspel senior, men fine plasseringar av unge solodeltakarar på fele.
- Spelemannsfest på Fosshalla i samband med spelemannskurs.
- Gjester var kurslæraren Sven Nyhus og Gaular spelemannslag. Bra frammøte, men ikkje smekkefullt.
- Toradergjengen deltok i "Vårsleppet" i Hornindal, og likeeins i Stian Grimset-cup.
- Leikfesten "Vårslepp" på Trollstova. Bygdedagane i Naustdal, dansespel på Sanden, medverkande i kyrkjekonsert.
- Landsfestivalen i Ålesund., deltaking i fleire greiner. Ei fjør i hatten til Trad-laget, som i lagspelet kom godt over midtstreken og vart beste hardingfelelag.
- Dansespel til olsokfest i Movika, i samband med Mo-kurset.
- Vestlandskappleiken på Voss. Bra innsats av dei yngste felespelarane. Laget stilte ikkje opp i tevling.
- Fylkesmeisterskapen i gamaldans i Leikanger. Her slo laget til med siger i lagspel for spelemannslag, lagspel for toraderlag, og Open klasse.
- Sesongavslutning vart leikfesten på Trollstova i desember.

Til dette kjem dansespelet til ungdomslaget sin vekentlege onsdagsdans på Fosshalla i tidsrommet frå september til april.

Stor kursaktivitet

Kursa frå i fjor heldt fram i vårsemestret. I juniortreffet på Byrkjelo i mars deltok 4 frå det vidarekomne felekurset. Skuffande svak interesse frå dei unge sett på bakgrunn av at laget hadde 16 "lærlingar" i denne målgruppa. Dei mest interesserte frå desse kursa deltok i dei ordinære lagøvingane i haustsemestret. I Mo-kurset hadde laget 8 deltakarar, 6 med



Naustdal var vertskap for eit tre-dagars felekurs med Sven Nyhus. 3 frå Naustedalen – var med.

hardingfele og 2 med torader. Elles hadde laget 5 deltakarar i eit kompetekurs, og 4 i eit tre-dagars felekurs med Sven Nyhus. Tre av dei yngste felespelarane felespelarane får undervisning i den kommunale musikkskulen, med Vidar Underseth som lærar.

Ein ny Amerika-tur var no i emning. Det vart vedteke at turopplegg og

program skulle utarbeidast i 1999, og turen skulle leggjast til hausten 2000.

Medlemstalet viser minkande tendens, og laget har no 50 betalende medlemmer. Av desse er 28 aktive musikarar, men begge gruppene har fleire aspirantar som deltek i øvingane. Laget driv framleis med underskot, og tærer såleis på tidlegare opptente midlar.

Straks over nyttår 1999 var laget i teneste igjen, med onsdagsspel på Fosshalla og øvingar på Horstad skule. Laget deltok i dei vanlege kappleikane gjennom året: Fylkeskappleik i Sogndal, Landsfestivalen på Geilo, Vestlandskappleiken i Breim, og Fylkesmeisterskapen i gamaldansmusikk på Skei, alle med middelmådige resultat bortsett frå sistnemnde, der laget som vanleg hevda seg godt.

I april hadde laget tilskipinga av Juniortreffet på Naustdal barne-og ungdomsskule. Det var stort frammøte av lovande born og ungdomar frå Sunnfjord og Nordfjord, men diverre ingen frå Sogn. Helga etter var det spelemannsfest på Fosshalla, med Hyen som gjestelag. Festen viste tydeleg at tidene hadde endra seg når det galdt publikumsinteresse. I tidlegare år vart det selt hundrevis av billetter til spelemannsfestane, men denne gongen stogga billettsalet på 84. Noko overskot vart det likevel, grunna laget sin tradisjonelle dagnadsinnsats. Alle medlemene har med seg ”medbragt” til matsalet, og ordnar alt som skal ordnast, og huset er fritt som ein del av godtgjersla for onsdagsdansen.

I løpet av vårsemestret var programmet for den komande Amerika-turen på det næraste fastlagt, og deler av dette vart framført ved to underhaldningsprogram på Sunnfjord hotell. Også dette året spela laget til to leikfestar på Trollstova. Mo-kurset ved olsokleite hadde også i år 8 unge deltakarar frå Naustdal. Då haustsemestret tok til vart det sett i gang felekurs for nybyrjarar med 6 elevar, og i slutten av året vart Sigmund Eikås hyra inn til nokre kurskveldar i slåttspel for felegruppa i laget.

Nokre av kurselevane gjekk inn i laget, og medlemstalet auka frå 50 til 59. Av desse er 39 aktive, og fordeler seg med 19 på Trad-laget og 20 på toraderlaget. Fortenesta var betre dette året, og det vart berre eit ganske lite driftsunderskot.

Det nye året, hundreåret og tusenåret gjekk inn til tonefylgje av saluttar og fyrverkeri, men spelemannslaget var lite engasjert i denne konserten. Laget skjøtta sine gjeremål som vanleg. Onsdagsdansen heldt fram som før, og laget arbeidde m.a. med innøving og finpuss av Amerika-programmet. I mars deltok laget med programinnslag og dansespel på Gaular spelemannslag sin 25-årsfest i Bygstad. På Juniortreffet i Jostedal deltok det igangverande kurset i felespel for nybyrjarar.

I kappleikssystemet vart det ei endring. Etter at prøveperioden for Fylkesmeisterskapen no var over var det semje om at dette arrangementet ikkje hadde oppnådd forventa tilslutning, og årsmøtet i SFF vedtok å gå tilbake til den tidlegare ordninga med ei avdeling for gamaldansgreinene i Fylkeskappleiken. Denne var lagt til Sandane, og Naustedalen spelemannslag sikra seg førsteplassen i klassene Lagspel med komp, Durspel lag, Gamaldansgrupper og Open klasse. Ekstra gledeleg var det at to av dei yngste i laget oppnådde gode plasseringar i Spel hardingfele kl. C.

På landskappleiken på Voss var laget representert berre med nokre av felespelarane i opningskonserten. Den etterfylgjande Landsfestivalen fann stad på Nordfjordeid, og i lagspelet var Trad- laget vel tilfreds med sin niandeplass av 25 lag. Elles var laget medverkande ved fleire tilskipingar, så som Naustdaldagane, songarstemne i Naustdal, opning av Luftkampungset på Slettehaug, og to leikfestar på Trollstova.

CD-plate, nytt antrekk og ny amerikatur

Det var likevel den tilstundande Amerika-reisa som sto i fokus, og programmet vart framført med etterfylgjande dans i Florø, på Fosshalla, i Hyen og i Svardalen. Laget med grupper, undergrupper og solistar spela i løpet av sommaren inn ein CD med 23 slåttar. Dei fleste opptaka vart gjorde i hallen i kommunehuset. Plata fekk namnet ”Dans i Fosshalla”, og eit høveleg opplag skulle vera med til USA, for sal ”over there”.

Det hadde ei tid vore arbeidd med å skaffe laget ein spelemannsbunad, og valet fall på eit antrekk i svart klede, designa og levert av



eit lite firma på Dovre. Laget rakk å få prøvekøyrt plagga før avreisa til USA.

Med nytt konsert-antrekk i kofferten tok eit forventningsfullt fylgje av frå Flesland 30. september. Flokken talde 30 aktive, og nokre hjelparar og reisefylgje. Etter flyskift i

Amsterdam gjekk turen nonstop til Seattle Airport, der det var ordna med transport til eit hotell i Kent som skulle vera hovedkvarter for truppen. Laget sin hjelpesmann ved tidlegare høve, Howard Olivers, sto i spissen for mottaksapparatet. Litt eldre, men framleis like vital og interessert som sist. I samarbeid med Sons of Norway hadde han førebudd ein omfattande turne, med konsertar i Bellingham, Vancouver (i Canada), Spokane, "eplehovedstaden" Wenatchee, Puyallup (ved Tacoma, i høve skandinavisk festival), to konsertar i Paulsbo (omtala tidlegare) og to i Ballard i Seattle, og til sist avslutningskonserten i Kent. Over alt var det strålende mottaking og bevertning.

"Småbyen" Kent, som ligg litt sør for Seattle, er venskapsbyen til kommunane i indre Sunnfjord. Ved konserten i Kent Senior Center var ordføraren var til stades, og m.a. overrekte han ein symbolsk bynøkkel til kvar av dei norske gjestene. (Kommentar frå ein norskætta pensjonist: "I have worked for the community of Kent for thirty years, but I never got a key".) Varaordførar i Naustdal Elin Schei Stuhaug var med på turen, og representerte venskapskommunane. Under opphaldet i Kent vart det også ordna med fleire utflukter, m.a. til Space Needle i Seattle, og til fjellet Mount Rainier, som er nesten dobbelt så høgt som Galdhøpiggen. Vi køyrde så langt opp som ein kunne komme med bil til fjellmuseet Paradis, men på grunn av skodde var det lite vi såg av toppen av fjellet. På heimturen fekk fylgjet gleder av å sjå den største douglasfura i verda, og å vera gjester i den flotte hytta til Howard.

Siste kvelden heldt laget ei samkome på hotellet til avskil med alle hjelparane i Kent. Til stades var også ei stor gruppe frå Gig Harbour spelemannslag. Dagen etter bar det avgarde frå Seattle Airport, og fylgjet landa på Flesland i god behald. Derfrå turbuss heim i nydeleg ver. Deltakarane kunne gjera den underlege observasjonen at dei reiste frå det sørlege Kent i surt haustver, og vart møtte av strålende sol og varme på sin nordlege heimstad, midt i oktober!

Etter denne ferda vert det litt rolegare. Laget framførde eit noko amputert amerika-program på Skei, spela til leikfest på Trollstova, og avslutta eit hendelsesrikt år med julebord på Håjen for lagspelarane. Medlemstalet var 57, og av desse var 17 aktive i Trad-laget, og 21 i toraderlaget. Det minka noko på sparepengane, då laget fann at eit tilskot til innkjøp av dei dyre spelemannskleda var eit verdig tiltak å bruke noko pengar på.

Sunnfjordspelemenn i Amerika



Under dei første Amerikaturane hadde Einar Eimhjellen spora opp fleire spelemenn og spelemanns-ætlingar frå Naustdal/Flora-området, og desse sat inne med mykje slåttestoff som hadde overlevd i USA og Canada. Seinare gjorde han fleire studiereiser over, og tok opp alt han kom over av spelemannssoger og slåttar. Samstundes noterte han det han fann av originalt slåttestoff i heimetraktene, og resultatata vart samla i to hefter som han gav ut på eige forlag. Grunnstammen i spelemannslaget sitt noverande

Ein av spelemennene frå Sunnfjord, som Einar Eimhjellen møtte i Amerika, var Johan Steindal. Etter møtet med Steindalsspelemennene har musikkstoffet frå dei vorte ein viktig del av repertoaret til Naustedalen Spelemannslag.

repertoar er henta frå desse hefta. For dette arbeidet, og elles for innsatsen hans i spelemannslaget, vart Einar tildelt Naustdal kommunes kulturpris for 2000.

Etter nokre rolege vinterveker i 2001 stelte laget til spelemannsfest i samband med årsmøtet til SSF i Førde. Årsmøtedelegatane hadde fritt tilgjenge, og utanom dei var det ikkje mange som fann vegen til Fosshalla denne kvelden.

Laget deltok i dei vanlege kappleikane. I avdelinga for gamaldans på Fylkeskappleiken i Jostedal vann toradergjengen sin klasse i lagspel, medan Trad-laget og gruppa Naustedølen kom midt på treet i sine. Trad-laget overraska med svært god plassering på Landsfestivalen i Melhus., men på Vestlandskappleiken på Vassenden vart det botnplassering for felegruppa i lagspel for hardingfele. Det bør elles nemnast at syskinparet Ingrid og Leif Erik Stuhaug oppnådde fine plasseringar i spel hardingfele kl.C i både Fylkeskappleiken, Landskappleiken (i Rauland) og Vestlandskappleiken.

Elles hadde laget sitt faste speleoppdrag til onsdagsdansen i Fosshalla, og dertil dansespel på Trollstova heile tre gonger dette året. Også eit par slektsstemner trong musikk til underhaldning og dans.

Besøk frå Vestfold

I førstninga av august kom Vestfold toraderklubb på vitjing, og det vart både fredagsdans på Instedalen skule og laurdagskveld på Vona. Toraderlaget sytte for dansespel



Vestfold Toraderklubb på scena i Instedalen skule.

på julemesse i Viksdalen, og siste akt i eit ikkje altfor aktivt år var julebord for lagspelarane på Håjen.

Medlemstalet gjekk noko ned, og Trad-laget kunne ved årsskiftet mønstre berre 12 faste medlemmer. Det var serleg felegruppa som minka, då fleire av dei unge forsvann.. Toraderlaget heldt stimen oppe med ca. 20 aktive og godt frammøte på

øvingane. Økonomisk var året velukka, med eit markert driftsoverskot i tillegg til Amerika-oppgjeret – som faktisk gav pengar i kassa – , og forteneeste på platesalet. Ei innsparing som laget sette liten pris på galdt dei aller yngste. Det lukkast ikkje å få nokon med på junior-treffet, og Mo-kurset hadde berre ein deltakar frå Naustdal.

Naustedalen spelemannslag fekk meir å henge fingrane i då det lei litt uti 2002. Laget hadde teke på seg å skipe til Fylkeskappleiken, og sjølv om dette ikkje er nokon avskrekkande stor kappleik, så er det utruleg mykje som må ordnast. Arena for kappleiken skulle vera den flunkande nye Naustdalshallen. Laget deltok ved den offisielle opninga av hallen i januar, og bruken av hallen med birom som kappleiksarena vart planlagt i detalj. Då kappleiken starta



År om anna er Naustedalen Spelemannslag med på Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, som her i 2002.

5.april var alt ordna. Det var stor påmelding, og tevlingane i dei mange klassene gjekk som på skjener. Arrangørlaget hadde brei deltaking i spel og dans, og hevda seg godt. Det mest uventa var at laget vann tevlinga i lagdans.

Dette året var laget aktivt også i Førdefestivalen, med dansespel, opptog og gatespel. Landsfestivalen var også lagd til Førde, og her oppnådde laget middels gode plasseringar i dei store og krevjande klassene i lagspel og

gruppespel. Vestlandskappleiken gjekk i Bergen og her imponerte Ingrid Stuhaug med sterk plassering i Spel hardingfele kl. C. I den store folkefesten på 70-årsdagen til Kjartan Slettemark på Instedalen skule. 6. august hadde laget eit fyldig programinnslag.

Gammaldansgalla i Naustdalshallen

Hausten vart ganske travel. Etter leikfest på Trollstova slo laget til med gammaldansgalla i Naustdalshallen, med det vidkjende ensemblet Dalakopa frå Røros som



Toradergruppa i Spelemannslaget. Framme frå v.Marit Fimland, Sigrunn Fimland, Jorunn Frøyset og Grete Eide. I midten frå v. Norunn Vonen, Rønnaug Reiakvam, Kjell Bjarthe Vonen, Sigvor Mortensbakke og Solfrid Karlsen. Ståande bak frå v. Nils Fureli, Trygve Hauge, Olav Rognebakke, Otto Lien, Magn Jarl Stubhaug, Leif Erik Stuhaug, Jarle Lundekvam, Einar Eimhjellen, Kåre Lunde, Geir Hestad, Karl Helge Aasen og Anne Grete Hukseth.

hovudattraksjon. Dei oppfylte forventningane, men likevel, det kom for lite folk i høve til kostnaden og det store arbeidet som var lagt ned. Toraderlaget sytte for musikken på julemarken i Viksdalen, og innunder jul slappa lag-spelarane av med julebord på Håjen. Men i årsprogram-met sto det også romjulsfest, og med Indre Sunnfjord som gjestelag vart det stelt til fest i Fosshalla. Godt program og triveleg fest, men frammøtet var i minste laget også her. Grunna småe kostnader gav festen likevel ein pen slump i lagskassa.

I tillegg til dei nemnde aktivitetane hadde laget spelninga til onsdagsdansen på Fosshalla også dette året, som vanleg vår- og haustbolk, og 4 månader sommaropphald. Dette oppdraget hadde vara ved i mange år, til stor nytte og glede for begge partar. Spelninga har heile tida vore organisert slik at Trad-laget og toraderlaget spelar annankvar gong.

Laget hadde dette året ingen organisert opplæring utover dei faste øvingane, og årsaka låg først og fremst i skort på instruktørkrefter. Trad-laget hadde ein viss tilvekst, og tilsaman kunne laget notere 36 aktive musikarar. Men talet på støttemedlemer viste framleis minkande tendens, og med 49 betalande medlemer kom laget for første gong - etter at fritt medlemskap vart innført - under 50-grensa. Dette hadde den praktiske konsekvens at laget no kunne stille med berre ein representant i årsmøta til fylkeslag og landslag.

Unge talent.



Syskenparet Leif Erik og Ingrid Schei Stuhaug har op-nådd gode resultat som C-klassingar dei siste åra.

Økonomien var framleis sytelaus. Laget fornya høgtalarutstyret for omlag 50 000 kroner, og storparten av beløpet vart dekkja av god inntening på tilskipingar og platesal.

Dei første vekene av 2003 gjekk unna med øvingar og onsdagsspel, og ikkje stort meir. Arthur Søggen tykte at det kunne vera nok med 7 år som styreleiar, og han sa frå seg attval. Nye leiarkandidatar var ikkje lettare å finne no enn det var i 1996, og atter ein gong måtte Einar Eimhjellen ta over lagsstyringa.

Den første styrkeprøva var Fylkeskappleiken i Stryn. Laget låg som vanleg langt framme i lagspelet i gamaldansavdelinga, og Ingrid Stuhaug vart vinnar av Hardingfele kl C. At dette ikkje var tilfeldig viste ho ved å bli nr. 2 av 20 deltakarar i same klassa i Landskappleiken påGjøvik. På Vestlandskappleiken i Sogndal vart det klassesiger igjen, så Ingrid har hatt ein glimrande sesong.

Ho var elles også med i fylkes-prosjektet "Fjordapuls", som hadde ei flott framsyning på Fylkeskappleiken. I Lands-festivalen på Otta fekk Naustedalen spelemannslag si beste plassering nokon sinne på landsdekkande stemne, med sin 7.plass av 23 lag. Alle laga framom var store austlandslag med vanleg fele.

Hausten vart prega av det tilstundande 50-årsjubileet. I laget rår det noko uvisse om det eigentlege skipingstidspunktet, om det skal reknast på slutten av 1953 då lagskipinga vart bestemt, eller i starten av 1954 då laget hadde sitt første oppdrag. Det siste har vore vanleg utgangspunkt for tidlegare jubileum, og i samsvar med dette vert sjølve 50-årsfesten lagd til januar 2004. Men for sikkerheits skuld ville laget markere denne viktige milepelen på begge sider av årsskiftet, og det vart tilrettelagt fleire tilskipingar i haustbolken.

Moraa starta i oktober med gamaldansgalla i Naustdalshallen, med gjesteartistar Sven Nyhus`orkester. Trass i grundig kunngjering vart frammøtet ikkje betre enn i fjor, det vil seia litt for lite. Det neste var var spelemannsfest i Florø med tema "Slåttemusikk frå Flora".



At musikken til Naustedalen Spelemannslag er spreidd kring i verda fekk vi døme på her. "Denne plata brukte disk-jockeyen på hotellet Ciuda Blanca, for turistane i dansebaren." Skriv Elin i ei helsing frå Mallorca. Skal tru når tid vi opplever slikt på hotella i Norge?

Medverkande i programmet var eit samansett trekkspelorkester frå Florø. Også her var det god plass både i salen og på dansegolvet.

Laget har i år ikkje hatt mange oppdrag utanom sine eigne tilskipingar og dei faste dansespeljobbane i Fosshalla og på Trollstova. I oktober hadde laget gleda av å levere ei helsing på 65-årsdagen til sin tidlegare sambygding Oddvar Torsheim, i form av eit musikkinnslag under den store bordseta på Sunnfjord Hotell.

Denne hausten fekk laget starta opp nybyrjarkurs i felespel. Kurset held til i Midtredalen med Ingrid som instruktør, og 9 elevar er i sving med å lære seg spelemannskunsta. Det er også igang eit kurs i gamaldans på Naustdal barne- og ungdomsskule. I halvårsrapporten er medlemstalet oppgitt til 48, altså omlag som ved årsskiftet. Talet på aktive utøvarar har også halde seg uendra gjennom året. Laget vonar no på eit visst tilsig frå dei nye gruppene som er under opplæring.

Lagspelarane har slappa av med ein velsmakande juletallerken på Håjen, og i skrivande stund står att berre romjulsfesten på Fosshalla, før laget går laus på eit nytt år og den offisielle jubileumsfeiringa.

ETTERORD

Dei første etterkrigsåra var ei annsam tid for alle dansespelemenn. I nyvunnen fridom blømde all lagsverksemd, og leik og dans høyrde med. Som dansemusikkinstrument var trekkspelet så og seia einerådande, i alle høve i ytre Sogn der eg vaks opp. Som regel var det ein einsleg trekkspelar som sat på krakken. Samspelvariantar førekom stundom, men då alltid med trekkspelet som berande instrument. Det meste av repertoaret for vanleg pardans vart henta frå populære grammofonplater. Rundt om i bygdene sat nok framleis ein og annan gamal spelemann med hardingfele, men musikken deira var avlegs, og dansen var longe gløynd, så dei var aldri aktuelle i lag og lyd.

Sommaren 1946 oppheldt eg meg i ei fjordbygd i indre Nordfjord, og det viste seg at tilstanden var den same der. Sjølv spela eg vanleg fele på den tida. På dansefestane på ungdomshuset – og av og til på ein flake i skogen – var det alltid ein trekkspelar som sytte for musikken, og så vidt eg hugsar, alltid berre ein om gongen. Stundom var tilskipinga noko lausleg, og ved nokre høve vart eg henta for å spela til å byrja med, til trekkspelaren kom. Dei gongene dette hende vara seansen i ein times tid. Eg likte desse oppdraga svært lite, men eg fekk meg ikkje til å nekte, ung som eg var. Heilt urøynd med dansespel var eg ikkje, m.a. hadde eg i over eit år spela i ein populær kvartett, men det vart liksom så fattigsleg å sitje mo åleine med ei fele i ein stor dansesal når alle venta på trekkspelet. Eg gnura på foxtrot og tango attåt vals og reinlender, og det var alltid folk på golvet. Men når den tunge trekkspelkassa endeleg kom til syne i døra vart det stormande jubel. Ikkje for meg som hadde spela, men for han som kom. Fela vart pakka ned i ein fart, og det var aldri snakk om forsøk på samspel.

I Naustdal – i alle høve i Instedalen – ser det ut til å ha vore eit heilt anna mønster. Hardingfela hadde kome i plassen for tyskfela, og framståande bygdespelemenn som Jakob Slettemark (Gamle-Jakob). Ola Espeland og Asbjørn Sunde sytte for å halda oppe dei gamle bygdespeltradisjonane. Det grodde godt i deira fotefar, og i åra etter krigen sto det fram fleire unge spelemenn med hardingfele. Dei spela til dans på låven, i



”garasja”, og kanskje også i skulestova, anten åleine eller fleire saman, etter som det høvde. Der fanst trekkspel og, men etter som

eg har forstade hadde trekkspælet ikkje nokon dominerande stilling, og dei samarbeidde godt med felespelarane. Dette samarbeidet heldt fram også etter skipinga av laget midt på femtitalet, og med skiftande aktørar har det vara ved til denne dag.

I laget sine første år



Tre viktige slåttekjelder.

Einar Bakkane fekk mykje av slåtte-musikken frå Asbjørn Sunde lærde slåttar av Jakob (Gam. Valton Torvik (1893-1974) t.h., som han lærde vidare 1932), over t.v. og Ola Espeland (1893-1932) til yngre spelemenn.

vidare desse slåttane inn i Naustedalen Spe.....g.

var nemninga "gamaldans" enno ikkje oppfunnen, og folkeleg spel og dans var ikkje mykje påakta i leiande kulturkrinsar.

Mange av dei store trekkspelartistane spela konsertstykk og virtuøse nykomposisjonar, men i folkedjupet var t.d. Karl Jularbo og Harry Brandelius mykje meir avhaldne. Opprykket på den kulturelle rangstigen her i landet tok til på 60-talet, og Oddvar Nygaard må vel få mykje av æra for dette. Nygaards kvartett spela inn ei mengd med dansemelodiar som vart utgjevne på plater og kassetar, og desse vart utruleg populære. Det var skapt- eller kanskje rettare sagt vidareforedla - ei folkeleg musikalsk uttrykksform som rei på ei nostalgibylgje. Det oppstod spelemannslag og grupper over heile landet, og sjangeren fekk respekt, nemninga "gamaldans", og tilgang på statlege kulturmidlar.

Nostalgibylgja drog med seg også det "klassiske" slåttespelet på fele og hardingfele, og dei fleste store laga dyrkar begge deler, både "gamaldans" og "slåttspel og bygdedans". Dette har også vore Naustedalen si line, men laget har så absolutt prioritert gamaldansen, som har sterke tradisjonar i dalen. Det kan kanskje seiast at Naustedalen sin bygdedans er det som no vert kalla gamaldans, men laget har også arbeidd aktivt for å få fram att den gamle Naustdalsspringaren. I Landslaget for spelemenn har det vore kjekla mykje om korleis den tiltakande interessa for gamaldans skulle taklast. Diskusjonen er på ingen måte over enno, men det vart teke eit vegval då landslaget i si tid vedtok at det i tillegg til landskapp-leiken også skulle haldast ein årleg landsfestival i gamaldansmusikk. Den første vart tilskipa i Førde i 1986. Naustedalen Spelemannslag har vore ivrig festivaldeltakar frå første stund. og har delteke i samtlege 18 landsfestivaler i gamaldans-musikk. For lag som Naustedalen var opprettinga av landsfestivalen ein stor føremon. No slapp dei å "kle av seg" halve laget for å kunne stille opp i tevling, og no fekk dei fagleg vurdering av den musikken som laget kunne best.

Fann sin eigen stil og tone

Naustedalen spelemannslag fann tidleg sin eigen tone, med tydeleg lokalkoloritt. Dei fleste slåttane er enkle i teknisk forstand, og laget briljerer ikkje med instrumental virtuositet. Laget har sin eigen karakteristiske stil, og etterliknar korkje Jularbo eller Nygaard. Ein kan seiast det slik at laget spelar sin eigen dialekt, og den dialekten er det mange dansarar rundt om i Noregs land som set stor pris på. Det markerte



Tradisjonsberarar som Asbjørn Sunde (over) og Einar Bakkane (t.h.) var bindelekkjen mellom dei gamle spelemennene og oss som spelar i dag. Lite viste dei kor stor kultur-innsats dei gjorde.



innslaget av torader – som vart innført i laget på 80-talet - gir samspelet ein kvass og hissig tone, som saman med hivande, hoggestø rytmikk verkeleg set fart i dansefoten. Gjennom sitt mangeårige samarbeid med Naustdal ungdomslag har laget fått eineståande god trening i dansespel.

Godt samspel er noko som må opparbeidast over tid. ”Øve, øve jevnt og trutt og tappert det er tingen”, seier ein velkjend skulesang. Denne oppskrifta har laget trufast fylgt, og etter omskipinga i 1968 har det vore vekentlege øvingar det meste av året. Om sommaren er det stor aktivitet elles, og difor færre øvingar, og elles har laget vanlegvis ”fri” nokre veker tidleg på hausten.

Stabiliteten har gjennomgåande vore svært god. Laget har hatt sine nedturar med lite mannskap, men stoda har aldri vore faretruande. Trufaste lagspelarar har halde laget saman, og nye folk har kome til. Eit problem som dette laget ikkje er åleine om er at det er vanskeleg å halda på ungdomane. Laget har hatt bylgjer med interesserte ”lærlingar”, men før dei er ferdige med tenåra er dei borte. Årsaka til dette er gjerne utdanning og yrkesval, men også ofte at andre interesser og aktivitetar tek overhand.

Usedvanleg stabilt leiarskap har vore ein solid berebjelke for laget. Asbjørn Sunde var lagleiar dei første 14 åra. Så overtok Einar Eimhjellen. Han har til no vore laget sin musikalske leiari i 36 år, unnateke eit avbrot på nokre månader i 1996/97. Attåt har han vore styreleiar i 25 av desse åra, og er det også no i jubileumsåret. Han har ikkje berre leia laget og øvingane, men har også skaffa laget eit eineståande repertoar tufta på eldre spelemannstradisjonar i Naustdal/Flora-området, funne både her i distriktet og over i Amerika, der han har oppspora utvandra spelemenn og etterkomarane deira.

Einar må tilskrivast mykje av æra for laget sin sterke posisjon i heimbygda, i spelemannskrinsar elles i landet, og i norskætta miljø i Amerika. Det har vore ein stor føremøn for laget å ha ein leiari som har hatt interesse og energi, og høve og helse til å bera laget fram med dugleik og entusiasme i så mange år, gjennom medgang og motgang. Einar har vist dugleik og interesse også på andre område, og han vart heidra med kommunen sin kulturpris i år 2000.



Naustedalen Spelemannslag på veg mot nye femti år.

No rullar Naustedalen spelemannslag vidare med 50 år på nakken og framleis under Einar si taktfaste leiing. Tida går, men eit og anna består. Mykje har likevel endra seg i dei femti åra laget har eksistert. Først var det mange år på gamalt innarbeidd grendevis, så kom oppgangstider med veldig ekspansjon og utfart, og no dei siste åra har nok tempo og aktivitet roa seg noko ned. I nokre tiår gamle avisutklipp kan vi lesa om spelemannsfestar med meir enn 500 selde billetter, og vegger som bula ut. No har vi store salar, men veggene bular ikkje.

Folk går ikkje lenger ”mann av huse” på spelemannsfest. TV og makelegheit held mange heime, og dei som går ut kan vassa i nærliggjande underhaldningstilbod. Men gamaldansen står framleis sterkt i bygdene våre, og Naustedalen spelemannslag må alltid stå i fremste rekkje mellom dei som opprettheld og vidareutviklar denne folkelege tradisjonen.

Arthur Søgne.